



# Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

Luster kommune  
[postmottak@luster.kommune.no](mailto:postmottak@luster.kommune.no)

03.04.2025

Dykkar ref: 25/1070-3

Vår ref. (bes oppgitt ved svar):  
6-25

## 6-25 Høyringsuttale motorferdsel i utmark – Vigdalen-Ofsarvatnet - Luster kommune

Innehavar av leigekøyringsløyve i Luster, Sone 5, Nes, søker om å køyre alternativ rute til Ilaget, for å plassere køyretøy ved Ilaget. Det er søkt om ein tur mellom 1.4-12.4. Grunna ras på vegen mellom Kolstad og Ilaget, er det ikkje mogleg å kome dit den vanlege vegen. Føremålet med køyringa er å ha køyretøy i posisjon til å gjennomføre leigekøyringsoppdrag til hyttefelt på Osen rundt påske.




### Vurdering:

Transporten til Osen frå Ilaget fører til ein del transport gjennom villreinområdet. I påska har det dei siste åra vore om lag 15 turar til Osen.

Det er vel relativt liten sjans for å treffe på villrein i området. Sjekka artskart, men det er ikkje villreinobservasjonar i området. Villreinrelaterte kulturminne finn ein derimot ein del av så området

har heilt klart potensiale til å bli brukt meir av villrein. Men om det skulle vera villrein der er det desto viktigare at den ikkje blir forstyrra. Vi må ta godt vare på dei pionerdyra som eventuelt kjem inn såpass langt sørvest.



Figur 1: Kartet syner avgrensinga av Reinheimen-Breheimen villreinområde mot sør-vest.

#### Konklusjon:

Køyring Vigdalen-Ofsarvatnet-Ilaget er greit. Om ein skulle møte på villrein i planlagt køyrerute, må ein vente til dyra har trekt unna, eller til ein kan køyre rundt dyra i en avstand på minimum 500 m på le side.

Helsing

Johan Berge  
Leiar

*Tor Taraldsrud*  
Tor Taraldsrud  
Sekretær